



**Plan for oppfølging og utbygging av gangvegar/stiar og grøntkorridorar i Sogndal sentrum**

Vedteken 10.6.2010





## 1. BAKGRUNN

Sogndal kommune har ved fleire tilfelle uttrykt ønskje om å leggje til rette for eit godt nett av gang- og sykkelveggar og å leggje vekt på grøntområde i sentrum. I økonomiplan 2009-2012 er eit resultatmål at "vi skal lage inne plan for oppfølging og utbygging av gangveggar grøntkorridorar, jf idrettsplan". Planen vil samanfatte kva kommunen allereie har sagt ved ulike høve, vise status, vurdere behov og tilrå prioriteringar og ev korleis vi skal synleggjere tilbodet.

### A) Omtale i andre planar

Ei satsing på gode gang- og sykkelveggar og grøntkorridorar har ein positiv effekt på både helse, trivsel, tryggleik og klima. Områda har visuell verknad og gang- og sykkelveggar og turstiar legg til rette for fysisk aktivitet. Dette skulle tilseie at gangveggar/ stiar og grøntkorridorar er ei god investering. Følgjande er vedteke i andre plansamanhengarar:

#### Kommunal plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2009-2012

Eit av dei overordna måla er at Sogndal kommune vil leggje til rette for eit allsidig, helsefremjande tilbod innanfor idrett og friluftsliv for alle innbyggjarane. Nokre strategiar for å nå målet er:

- Grøne område og plass til eigenorganisert aktivitet er ein føresetnad i alle skuleområde
- Vi skal prioritere anlegg og tilrettelegging som byr inn til spontan aktivitet og bruk av elv, fjord og grønne område i sentrum
- Vi skal leggje til rette for mjuke trafikantar slik at fleire vel t.d. sykkel som transportmiddel
- Vi skal prioritere tiltak som synleggjer høvet til tur- og friluftsliv frå grendene, Sogndalsdalen og sentrum

Idrettsplanen legg òg vekt på universell utforming. Den seier òg at vi skal synleggjere turar og turløyper med utgangspunkt i Sogndal som regionscenter og skulesenter.

#### Kommuneplanen sin arealdel

Arealplanen legg vekt på grøntstruktur og seier at det skal etablerast ein tydeleg grøntstruktur langs fjorden frå Hagelenneset til Nestangen. Kontakt mellom fjorden og tettstaden vert sikra ved utvikling av ein grøntkorridor frå kaia via sentrumsparken og Sogningenplassen og gangstiar på Leite og utvikling av grøntkorridor langs Sogndalselvi frå osen til Kvåle. I tillegg skal det etablerast tydelegare turveggar frå fjordlinja til friluftsområda på Røvhauge/ Åberge og Stedjeåsen.

På arealkartet er det lagt inn framtidig gang- og sykkelveggar fleire strekningar langs riksveg 55. Det er også framheva F i LNF område der friluftsliv skal prioriterast. Dette er i Sogndal gjort på Røvhauge og Stedjeåsen. Ved Rutlin er det lagt inn eit friområde.

#### Hovudplan for trafikktrygging 2009-2012

I den kommunale handlingsplanen heiter det at ein skal trygge skulevegen og veg til barnehagen slik at flest mogleg av dei som ikkje har lang veg kan gå eller sykle. Fokus vil vere retta mot veglys, redusert fart, opphøga gangfelt og geometri i kryss (ved nybygg). Vi skal òg trygge mjuke trafikantar sin situasjon i sentrum og tettstadar.

Følgjande tiltak er døme på prioriterte tiltak i planen:

2009-2012 tverrfagleg plan for skuleområdet Trudvang/ Skulevegen/ Dalavegen

2009-2012 Trafikksituasjon Sogndal storsenter

2010 Gangveg i følge reguleringsplanen mot Øen frå busshaldeplass til ungdomsskulen  
2011 Fotgjengarovergang/ skilting Kongabergvegen  
2011-2012 Leite: Gangvegssystem, snarvegar/trapper. Utarbeide reguleringsplan for gjennomføring  
2009-2012 generelt etablering av opphøga gangfelt, veglys og skilting i kommunen.

### *Klima og energiplan for Sogndal kommune*

Ut ifrå klimaomsyn er det viktig å leggje til rette for at innbyggjarane kan gå eller sykle til og frå daglege aktivitetar og gjeremål. Prioritering av gang- og sykkelvegar bør vektast sterkare framover. Det er særleg viktig at det er eit godt utbygd gang- og sykkelnett mellom heim, skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Det er òg viktig at det finst tilrettelagde og funksjonelle sykkelparkeringar.

### **B) Mål i samfunnsdelen**

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2005-2015 er det m.a. lagt opp til at vi skal:

- fremje eit sunt og allsidig idretts- og fritidstilbod til alle
- arbeide for god tilgang til sjø og vassdrag for ålmenta
- tilrettelegge for eit allsidig friluftsliv
- tilrettelegge for møteplassar for eigenorganisert aktivitet for barn og unge
- kommunen skal ha fokus på trafikk-trygging og tilrettelegging for barn, eldre og funksjonshemma

Samfunnsdelen er no oppe til revisjon. Folkehelse vil vere eit viktig tema i planen.

## **2. DAGENS SITUASJON**

### **A) Gangvegar/ stiar**

Generelt har Sogndal eit bra planlagt gang- og sykkelvegnett (sjå kart vedlegg 1), men alle strekningar er førebels ikkje utbygde, og trafikkmessig er det behov for nokre utbetringar.

### **Planlagde vegar i arealplan og reguleringsplanar som ikkje er utbygde**

1. Hallvardshaug – det er planlagt ein gangsti over Hallvardshaug som bind saman byggjefeltet på Kvåle – Gurvin med Lunnamyri. Dette er ein snarveg som vert viktig når byggjefeltet er utbygd.
  2. Heile Kvålslid vest er ikkje utbygd. I reguleringsplan er det teikna inn ei gangsti aust for det som er utbygd. Det er fleire som alt i dag går gjennom eplehagen for å kome til Fosshaugane campus.
  3. I samband med reguleringsplan for Kvåle – Gurvin er det fleire gang- og sykkelvegar som er aktuelle. Før området vert teke i bruk må gang- og sykkelvegen mellom dagens innfart til Åbergevegen og framtidig innfart vere ferdig opparbeidd. Likeins er det rekkefølgekrav på nokre snarvegar i området.
- Planen omtalar òg utviding av Åbergevegen med fortau som bind saman ny og gamal Åbergeveg og går opp til kryss med Rutlin. Planleggingsarbeidet er byrja.
4. Samanbinding mellom Dalavegen og Lunnamyri ved Rutlin. Området er lagt som friområde for å sikre areal til bekkfarar og gjennomgåande gangsti. Denne er framleis ikkje opparbeid, men

er ei viktig del av akse som går mellom Foss/Sogndalselvi og Åbergevegen.

5. Fosshagen. Sti mellom Trolladalen og Fossvegen. Vil ha større betydning når Fosshagen vert utbygd, både som gangveg og grøntkorridor.

6. Ulvahaug. I planen for Ulvahaug er det regulert inn gangvegar/stiar.

7. Frå Fjellvegen er det planlagd ein turveg opp mot Åberge.

8. I reguleringsplan er det teikna inn ein turveg mellom Fjellvegen og Røvhaugvegen.

9. Hovevegen frå rundkjøringa til Leitevegen manglar i dag fortau/ gangveg som reguleringsplan viser. Utifrå trafikktrygging er denne viktig.

10. Prosjektet "frå nes til nes" - Sogndal kommune jobbar for å få til ein fjordsti som går frå Hagelenneset til Loftesnesbrui. Deler er alt utbygde, deler er under planlegging, medan nokre delar står att. Fjordstien vil ha stor tyding for ålmenta si oppleving av Sogndal.

Geilene i Fjøra er ein del av framlegget til ny reguleringsplan for strandsona i sentrum. Dei har viktig funksjon for opplevinga av strandsitjarstaden, men mindre praktisk tyding. Det er behov for å tydeleggjere at geilene er opne for offentleg gangtrafikk.

11. Sogndal – Årøy. I samband med arealplanen var det ønskje om å få til ein gang- og sykkelveg rundt Barsnesfjorden. På arealkartet er det lagt inn ein gang- og sykkelveg frå Loftesnesbrui til Årøy. Dette er eit prosjekt som ligg lenger fram i tid, men delar kan vere aktuelle å få til tidigare.

12. Loftesnesbrui er i dag ein flaskehals for mjuke trafikkantar. Reguleringsplan for ny bru er lagd ut til offentlig ettersyn. Ny Loftesnesbru er med i Nasjonal transportplan.

13. Langs med Sogndalselvi ved Sogndal hotell er det regulert inn friområde – turveg/ gangveg. Opparbeiding kan samordnast med godkjent elveførebbyggingsplan.

Bru over Sogndalselvi. Viktig ledd i "Nes-til-nes-prosjektet".

Nedrehagen– Kvålebru. Det er fleire gang- og sykkelvegar i reguleringsplanen som skal tilfredsstillе behovet når området vert teke i bruk. I reguleringsplan er det sett rekkjefølgjekrav.

14. Stedje kyrkje – badelagune. I og med at vi gjer fjorden meir tilgjengeleg vert det større behov for trygg veg ned til den.

15. Ved Stedjeflaten 12 er det i reguleringsplan teikna inn gangveg. Området er i dag hindra av gjerde.

### **Vegar som ikkje er planlagde**

1. Mange av dei som bur i området kring Elvatunet bruker gangstien ved Stedjeflata, og går sidan ned på Fjærlandsvegen når dei skal til Fjøra. Utifrå tryggleik burde det vere ein sti frå krysset Fjærlandsvegen/ Kyrkjebakken til Stedjeflata.

2. Det er behov for ein snarveg frå Markavegen og opp til Leitevegen. Trasé bør vurderast i reguleringsplan for Leite. Utifrå ei akse frå fjord – Leighgota – Kongabergsvegen – Åberge bør eit vurderingsalternativ vere mellom Leitevegen 45 og 47 og opp til krysset Leitevegen / Kongabergsvegen.

3. Fleire av vegane på Leitesida er bygde på 60- og 70- tala og ikkje dimensjonert for dagens trafikkmønster. Fleire av vegane burde ha gangfelt, men breidde og nærleik til bustadar gjer dette vanskeleg.

Tidlegare i planen er delar av Åbergevegen omtala, jf kap 2A punkt 3. Tiltak her vil betra forholda i dei delane av vegen som har dårlegast sikt og mest trafikkert. Då det er mange som brukar området til både turveg og for å kome seg fram ville det mest ideelle vere å vidareføre fortauet høgare opp.

Det er òg kome innspel om at det bør kome gangfelt i starten av Rutlinslid. Krysset mot Leitevegen er uoversiktleg og mange tek ein kjapp sving frå Leitevegen og opp Rutlinslid. I dette området kjem snarvegen frå Kongabergsvegen ned. Er prioritert tiltak i 2011 i trafikktryggingssplanen

I utarbeiding av reguleringsplan for Leite er gangvegar eit tema. Gangvegssystem, snarvegar/trapper i Leite er prioritert tiltak 2011-2012 i trafikktryggingssplanen.

4. På mykje trafikkerte gang- og sykkelvegar kan det vere trong for separerte banar for fotgjengarar og syklistar. Aktuelle vegar er Trolladalen/Lunnamyri og Gravensteinsgata.

På Fossvegen er det behov for restaurering av fortau. Ut frå at vegen er viktig bindeledd mellom høgskulen og sentrum bør tilhøva for gåande og syklende forbetrast.

### **B) Grøntområde**

Mange av dei grøne områda i Sogndal er freda av kulturminnelova, er ikkje eigna for utbygging pga brattleik, naturrisikoar som flaumfare eller vert

framleis dyrka. Få område er opparbeidd med anna enn gangvegar. Vedlegg 2 viser dagens situasjon av større område som er sett av til friområde, park, landskapsvernsone eller liknande. Kommenterar:

1. Sentrumsparken: har heva trivselen i sentrum. Den er mykje brukt. Det er igjen eit byggetrinn etter den opphavlege planen.

2. Sogndalselvi: er eit viktig grøntområde. Dei fleste stadane er flaumutsette og ueigna til utbygging. Marka er ofte flat og kan vere hyggelege opphaldsstadar for uorganiserte aktivitetar.

Park ved elveoset på fjørasida. Det skal utarbeidast ein plan for opparbeiding, vegetasjonsbruk og skjøtsel. Det er krav om elveførebygging i området.

Skjeldestaddalen – Kvåle bru. Det er i reguleringsplan lagd eit friluftsområde langs elva med krav om utomhusplan. Gang- og sykkelveg vil vere ein del av planen. Det er rekkjefølgjekrav på opparbeiding av utomhusområde.

3. Fosshagen: er i dag fruktdyrking, men er regulert til m.a. offentlege føremål. Det som vert vist som grønt er garden Foss som er regulert til spesialområde kulturlandskap/jordbruk med to mindre friområde. Gangvegen inngår som ein grøntkorridor i området.

4. Nilsbakken ved Foss er brukt som uteområde for skulane. Delar er bratt.

5. Kvåle stadion – vil bli eit viktig regionalt idretts- og skuleområde med både idrettsanlegg, parkliknande innslag og grøntområde for aktivitetar.

Når bygningane for yrkesfag ved Sogndal vidaregåande skule vert

revne, er det planlagt eit grøntområde på arealet.

6. Hallvardshaugen. Området er regulert til spesialområde bevaring – kulturminnevern. I vestre delen av området ligg ”Kvåle middelalder kyrkjestad”, i aust gravhaugen frå jernalderen. Begge er automatisk freda etter kulturminnelova.

7. Studlahaugen – automatisk freda etter kulturminnelova, er regulert til friområde.

8. Rutlin: Per i dag er det store areal med grøntområde her. På toppen av den store lausmasse haugen er det funne to kokegropar som viser til gammalt bosetings- og aktivitetsområde og er automatisk freda. Haugen saman med leikeområdet og gangvegen er i arealplan lagt som friområde.

Kring garden Rutlin er det mykje fruktdyrking, både på oppsida og nedsida av Dalavegen. Arealet ligg i dag som LNF i arealplanen, men området på oppsida er omtala som framtidig potensielt utbyggingsareal for offentleg tenesteyting.

Området vest for lausmassehaugen er å rekne som framtidig bustadområde.

9. Ulvahaug: Sjølve haugen vert nytta som uteområde for Trudvang skule. Det er også avsett eit friområde i nordvest der ein kan føre opp bygningar eller utføre terrenginngrep som har naturleg tilknytning til bruk av området. I området er det lagd til rette for kommunale bustadar.

10. Grøntområdet på Hovsmarki består til stor del av skog og er bratt.

11. Nes er i dag ein frukthage, men er i arealplan lagt som næringsområde.

12. Røvhaugeane er kanskje det mest brukte nærområdet for sogndølane. Det er brukt til turområde, rekreasjon og det er mange som plukkar bær og sopp i området.

13. Stedje kyrkje. Ein kan sjå på heile kyrkjegarden som eit grøntområde. Det er òg lagt nokre friområde i nærleiken. Det meste er i bratt skråning og lite brukt til aktivitetar. Sør for kyrkja ligg eit grøntområde mellombels brukt til ballplass.

14. Stedjeberget er eit mykje brukt turområde.

15. Langs fjorden er det få grøntområde. Ved Hagelin er det laga badelagune. Området har stort potensial til å verte eit samlingspunkt ved fjorden, men må opparbeidast betre.

I høyringsforslag til reguleringsplan for strandsona i sentrum er det teikna inn fleire små friområde og badeområde. Dette er flotte tilbod for ålmenta og viktige for opplevinga av fjorden.

### **Framtidig grøntstruktur**

Grøntområda er eit viktig innslag i sentrum, men vert fort truga ved utbygging og fortetting. Mest sårbare er mindre område. Slike område kan ha stor tyding for nærområdet og/ eller vere ein del av eit samanhengande grøntstruktur.

Ved fortetting av sentrum vert felles grøntområde viktigare, og det vert viktig å ha ein heilskapleg tenking.

Viktige trekk i sentrum er å ha samanhengande grøntstrukturar frå Sogningen/ Kulturhuset og ned til fjorden. Eit anna viktig bindeledd er sentrumsparken og Allmenningen.

Skysstasjon-området kan vere ei vidareføring av grøntakse mellom Fjøra og Fosshuagane og mellom elven og Åberge. Tomta er eit aktuelt utbyggingsområde og ved planlegging av tomta må vi sjå korleis omsynet til grøntaksane kan ivaretakast.

Fosshaugane campus har fleire aksar som bør takast omsyn til ved vidare planlegging av området.

I fjellsidene vil private hagar framleis vere viktige for den visuelle grøntstrukturen. Dette må vi ha med oss ved eventuell fortetting.

På Leitesida bør vi vurdere ein samanhengande grøntstruktur frå Nes til Stullahaugen. Deler av denne grøntstrukturen har planlagd gangstiar, vi kan vurdere moglegheit for sti langs heile strekninga.

### **3. UNIVERSELL UTFORMING**

I Sogndal er topografien varierende og det kan vere vanskeleg å stetta krava til universell utforming over alt. Til dømes er det i bratte snarvegar lagt trapper. Innbyggjarane har også ulike behov, og krev ulike underlag. Det er difor naudsynt med ulike kvalitetar. Flate areal bør vere tilrettelagt for alle. I sentrumsnære område bør ein m.a. fjerne hindringar/ ikkje planleggje nye hindringar i overgang mellom veg og fortau. Ved utarbeiding av sentrum og ved skuler bør ein ha stort søkjelys på tilrettelegging for alle grupper i samfunnet. Fjordstien frå nes til nes bør òg utarbeidast etter universell utforming. Likeins bør strekningar

langs elva vera av ei slik karakter at alle kan nytte den.

### **4. SYNLEGGJERING**

Idrettsplanen inneheld eit tiltak om merking av turstiar og informasjonstavler i sentrum om turar og turløyper med utgangspunkt i Sogndal som regionscenter og skulesenter som mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg. Informasjon om kvar det ligg til rette for rullestolsbrukarar er eit anna tiltak.

Det vil vere mange fordelar å gjere turstiar kjende for både innbyggjarar og for turistar. Det kan gjerast på fleire måtar.

Skilt kan lagast og setjast opp i sentrumsparken og/ eller kulturhuset. Det kan lagast foldarar med turforslag som det var døme på i idrettsplanen. Vil ein utvikle dette kan det lagast informasjon om sjåverdige ting.

På valde trasear kan vi vurdere om trivselbenkar skal vere ein del av synleggjeringa.

Informasjon om turstiar og grøntområde bør vere tilgjengeleg på heimseida.

### **5. PRIORITERINGAR**

Sjå neste avsnitt

### **6. KOSTNADSOVERSLAG**

Dei prioriterte tiltaka vil verte kostnadsvurdert i samband med økonomiplanane.



## 5. PRIORITERINGAR – gangvegar/stiar

Prosjekt	Regulert	Gjennomføring	Kommentar	Prioritet ved kommunale midlar
Loftesnesbrui – gang- og sykkelveg	Vegvesenet	Vegvesenet som planlegg og bygg ut vegen.	Er med i nasjonal transportplan	–
Gang- og sykkelvegar ved Kvåle-Gurvin	Reg.plan. 43	Utbyggjar er ansvarleg	Er under arbeid	–
Skjeldestad – Kvålebru	Arealplan, reg.plan nr 41a	Rykkjefølgjekrav, trinnvis		–
Gang- og sykkelveg Sogndal – Årøy	Arealplan	Samarbeid med Statens vegvesen	Innspel til fylkesvegnett	-
Åbergevegen	Reg.plan 43	Planlegging etter reg.plan er oppstarta		ØP 2010 - 2013
Sogndalselvi	Reg.plan fleire arealplan	1. Elveoset – Øyane	Del av fjordsti Har høgast prioritet for å kunne samkøyrast med utbygging med ev. fjernvarmeutbygging.	1
		2. Fossevegen	Fortog langs Fossvegen er dårleg, og treng restaurering. Har høg prioritet for å kunne samkøyrast med utbygging med ev. fjernvarmeutbygging.	2
		3. Elveoset – Fjøresida	Elveførebygging Del av fjordsti	4
		4. Sjeldestad - Kvålebru	Rykkjefølgjekrav i reg.plan. jf. ovan	–

Prosjekt Fjordsti	Delvis	1. Strekning Stedje – Badelagune er ferdig utbygd	Bør leggjast vekt på universell utforming.	Ferdig
		2. Strekninga kaia – Rusebakken er ferdig utbygd		Ferdig
		3. Strekninga Rusebakken – Loftesnesbrui er under planlegging. Geil i Fjøra er ein del av planen.		3
		4. Strekninga ved Loftesnesbrui er planlagd		–
		5. Strekninga badelaguna – kaia er med i reguleringsplanar, men t.d. bru er ikkje endeleg avklara		Høg prioritet når bruk av området er avklara
Hallvardshaug – gangsti	Reg.plan nr 40		Snarveg som vert viktig når byggefeltet Kvåle – Gurvin vert utbygd.	5
Kryss Leitevegen/ Rutlinslid og fortau Leitevegen ned til Markavegen	Nei	Vert vurdert i reguleringsplan for Leitevegen nord	Gangvegssystem, snarvegar/ trapper på Leite er prioritet tiltak i åra 2011 - 2012 i trafikktryggingssplanen	6
Gangsti Stedjeflata – Fjærlandsvegen	Nei		Vert alt mykje brukt som det er i dag.	7
Gangveg Stedjekyrkje – badelagune	Reg.plan nr 18			8
Gangveg – Hovevegen frå rundkjøringa til Leitevegen	Reg.plan nr 17a	Har høg prioritet. Kan ev. vurderast i lag med utbygging av posthus		9

Snarveg Markavegen	Nei	Vert vurdert i reguleringsplan for Leitevegen nord	Gangvegssystem, snarvegar/trapper på Leite er prioritert tiltak i åra 2011 - 2012 i trafikktryggingssplanen	Ev. endring i prioriteringsrekkeja 10
--------------------	-----	--	---	--

### Marginalliste:

Prosjekt	Regulert	Gjennomføring	Kommentar	Prioritet ved kommunale midlar
Ulvahaug - Gangvegar/stiar	Reg.plan nr 20B	Bør vere eit samarbeid med utbyggjar	Viktig veg til Trudvangskule	–
Forbinding mellom Dalavegen og Lunnamyri ved Rutlin	Reg.plan nr 42	Vert aktuell i samband med utbygging. Kan vere eit samarbeid med utbyggjar	Er viktig del av akse som går mellom Foss/Sogndalselvi og Åbergevegen	1
Fosshagen – sti mellom Trolladalen og Fossvegen	Reg.plan nr 30	Vert aktuell i samband med utbygging		2
Separate baner for fotgjengarar og syklistar				3
Kvålslid vest – gangsti	Reg.plan nr 35b	Krav om detaljreguleringsplan før utbygging.		4
Turveg mellom Fjellvegen og Røvhaugvegen	Reg.plan nr 9		Stien er mindre viktig då det er enkelt å kome til Røvhaugane via endane av bae vegar.	5
Turveg frå Fjellvegen og opp mot Åberge	Reg.plan nr 9		Terrenget er bratt, og det vil vere enklare å bruke stien i enden av veggen.	6

## PRIORITERINGAR – grøntområde

Prosjekt	Regulert	Gjennomføring	Kommentar	Prioritet ved kommunale midlar
Sentrumspark	Ja	Siste byggetrinn manglar	Her er det viktig å få på plass offentleg toalett, skilting etc.	ØP 2010 - 2013
Fjorden	Delvis		Er ein del av fjordsti frå nes til nes. Strekinga bør ha grøntområde og rekreasjonsstadar.	1
Sogndalselvi	Ja	Elveoset på Fjøråsida – krav om plan	I samband med elveførebygging.	2
		Skjeldestadsdalen – Kvåle bru – Rekkjefølgjekrav		–
Kvåle stadion	Ja, og utarbeid situasjonsplan	Er i oppstart	Er viktig uteområde for skulane, men og for idrett og nærmiljø.	3

## PRIORITERINGAR – universell utforming

Universell utforming ska ha høg prioritet ved nybygg, særleg i sentrumsnære område, ved skular, fjordsti og elvestiar. På allereie utbygde areal er prioriteten lågare.

## PRIORITERINGAR – synleggjering

Informasjon om gangvegar/ stiar og grøntområde og skilting av turvegar bør prioriterast. Informasjon bør liggje på heimeside og vi bør vurdere skilt i sentrumsparken og i tilknytning til fjordstien.